

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»Dato: 08.01.2019
Vår ref.: 2019/195-1
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Førehandsvarsel om utlysning av tilskotsmidlar til trafikksikring

Som oppfølging av fylkestinget sitt vedtak av budsjett for Hordaland fylkeskommune i 2019, vil det koma ei utlysning av tilskotsmidlar til fysiske trafikksikringstiltak. Utlysinga kjem i tillegg til våre ordinære tilskotsordningar innan trafikksikring. Me ønskjer å gi eit førehandsvarsel for å gi kommunane tid til å førebu gode søknadar.

I budsjettsaka (i politisk sak PS 106/2018) vedtok fylkestinget å løyva 42 mill. kr. ekstra til trafikksikring, som skal gå til tre namngitte prosjekt, og vidare til «vedlikehald og til mindre investeringar på vegnettet såkalla «punktutbetring» for å medverka til tryggare skuleveggar og til meir satsing på samarbeidsprosjektet «Hjertesone» saman med Trygg Trafikk og kommunane». Vedtaket legg vidare opp til at det skal opprettast ei tilskotsordning.

Fylkesrådmannen har i ei meldingssak skissert korleis ekstraløyvinga skal verta fordelt, og kva opplegget for tilskotsordninga skal vera. Meldingssaka skal opp for *utval for miljø og samferdsel* (MISA) 16. januar og *fylkesutvalet* 31. januar. Med mindre politikarane gjer anna vedtak, vert opplegget for tilskotsordninga sjåande slik ut (henta frå meldingssaka):

Plan for tilskotsordninga

Den søkbare potten vert lyst ut som ei tilskotsordning, men med to føremål:

- 1) Trygg skuleveg og Hjertesone
- 2) Punktutbetring

Tidsskjema for utlysning, handsaming og vedtak om tildeling følgjer:

Mnd.	Prosess
Jan.	Førehandsvarsel om utlysning til kommunane, veke 1/2 Meldingssak om fordeling av ekstraløyving + plan for tilskotsordning. MISA 16/1. FUV 31/1.
Feb.	Utllysning fredag 1. februar Søknadsfrist måndag 25. februar
Feb.- Mars	Faglege vurderingar og sakshandsaming
April	Innstilling om tildeling, FTU 2. april Vedtak om tildeling, MISA 10. april

Kva kan det søkjast om?

For føremål «Trygg skuleveg og Hjertesone» kan det søkjast om:

- Tilskot til fysiske tiltak for trygg skuleveg på fylkesvegnettet.
- Tilskot til fysiske Hjertesone-tiltak i skulen sin randsone, både på kommunal veg og fylkesveg.

For føremål «Punktutbetring» kan det søkjast om:

- Tilskot til punktutbetringstiltak på fylkesvegnettet.
- Tilskot til utbetring av eksisterande fylkesveg, inkludert utbetring og etablering av tilbod til mjuke trafikantar

Vurderingskriterium

Tiltaka kommunane søkjer om vil verta vurdert etter følgjande kriterium:

- Tiltaka vert vurdert etter i kva grad dei bidrar til Hordaland fylkeskommune sine satsingsområde innan trafikksikring. Dei mest relevante satsingsområda er:
 - o Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strøk
 - o Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg
- Tiltaka vert vurdert ut frå eit kost-/nytteperspektiv. I dette inngår:
 - o Fagleg vurdering av trafikksikkerheitsverknaden
 - o Behovet for å gjennomføra trafikksikringstiltak på aktuell stad (ut frå risiko)
 - o Venta kostnad ved tiltaket
 - o Om mange eller få vil dra nytte av tiltaket (relativt sett)
- Tiltaka vert vurdert etter kvaliteten på plangrunnlaget, og om det er realistisk å få gjennomført tiltaka innanfor plan- og tidsramma.
- Tiltaka vert vurdert etter risiko for kostnadsoverskridingar, då større overskridingar skapar usikkerheit om tiltaka vil verta gjennomførte.

Det er ein føresetnad at kommunane rettar seg etter dei vilkår og retningslinjer som gjeld for tilskotsordninga. Desse vil kome fram av utlysing og søknadsskjema. I tida fram mot utlysing vil vilkår og retningslinjer verta gjennomgått og oppdatert.

Meir om utlysinga og søknad

Offisiell utlysinga vert kunngjort i brev til kommunane. Det vil verta oppretta ei eiga nettside for tilskotsordninga under våre tilskotssider på www.hordaland.no¹, som vert tilgjengeleg frå utlysingsdato. Her vil kommunane finna informasjon om tilskotsordninga, inkludert vilkår og retningslinjer. Kommunane må søkja via tilskotssida, og er ansvarlege for at etterspurt dokumentasjon vert lagt ved søknadane.

Me vonar tilskotsordninga vert tatt vel i mot, og at det kjem inn mange gode søknadar.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

¹ Tilskot, løyve og konsesjonar frå Hordaland fylkeskommune: <https://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/>